

Møte i Gulen kommunestyre

Møte i Gulasalen på kommunehuset
torsdag 18.09.2008 kl. 13.00

SAKER:

- 48/08 SKRIV OG MELDINGAR
- 49/08 LØNSOPPGJERET 2008
- 50/08 REGIONRÅDET NORDHORDLAND –
ENDRING AV SELSKAPSAVTALE
- 51/08 EIGEDOMSSKATT – VEDTEKTER OG
NEMNDER
- 52/08 ELDSJELPRISEN - RETNINGSLINER
- 53/08 REGULERINGSPLAN FOR RV 57 SLØVÅG
FERJEKAI – GODKJENNING

Saklista kan verte endra, og nye saker kan kome til. Ein økonomisak vert truleg ført til saklista seinare. Endeleg sakliste og sakstifang ligg til gjennomsyn hjå ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset og på internett: www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet. Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Eivindvik 05.09.08
Trude Brosvik

Helsing frå ordføraren

For ein sommar vi har hatt!
Rekordhøge badetemperaturar,
sol og nesten ikkje knott!
Det har vore herleg!

Og det har vore mange flotte sommartilbod i nærmiljøet. No er vi inne i Kystsogeveke, med open dag både på Takle og i Sellevåg. Viktig kunnskap som blir teken vare på og formidla av entusiastiske frivillige. Mange fann vegen til Utkant-08 på Skjerjehamn og koste seg med det gode tilbodet dei hadde. Fekk sitert ein kommentar frå ei som bur på ei øy utanfor; ”Tenk, eg kan berre sette meg i robåten og ro på konsert med Sondre Lerche!” Eg trur vi ofte gløymer kor godt vi har det i Gulen.

For eit par veker sidan var ca 100 unge samla til Brasskorpsleir på Byrknes. Eit kjempearrangement som dei frivillige der ute fekk mykje skryt for. Korpsmiljøa våre på Byrknes og i Brekke var sterkt med, både som deltakarar og instruktørar. Det var ein fryd å høyre på konserten siste dagen. Her har vi verkeleg noko å vere stolte av!
Det var også mange gulingar som hadde funne vegen til Landsskyttarstemnet i Førde. Vi har gode skyttarmiljø i kommunen!



Og i tillegg har Gulen kome svært godt ut av nokre statistiske kåringer i sommar: **Vi er 11. beste kommunen i landet når det gjeld skule og avgangresultat 2007!!** Eg trur mykje av æra må gå til stabile og gode lærarkrefter, som også er flinke til å ta etterutdanning. Og i ”konkurransen” om beste kommunen å bu i, vart Gulen nr. 53. Men på den indikatoren som heiter ”sosiale forhold”, og som inneheld slikt som sosialhjelp, skilsmål, kriminalitet m. m. der var vi nr.1 i landet!! Så kan ein saktens spørje om kvifor folketalet går attende med slike resultat.... Biletet er nok meir samansett, og sentraliseringa inn mot byane er alltid på det sterkaste i oppgangstider.

Siste vekene har Gulen blitt utfordra til å tenkje på asylmottak. Menneske er på flukt frå krig og elende, og fleire søker nødhamn. Dei skal takast godt i mot, og også små kommunar kan ha noko å stille opp med. Formannskapet vart informerte av UDI, og fekk stille spørsmål og kome med våre utfordringar. Vi syns 70 stykker er for mykje i Eivindvik, kanskje kan løysinga vere ein meir desentralisert struktur, gjerne i samarbeid med nabokommunar. Vi veit ikkje kva som kjem til å skje. I denne saka er det UDI som bestemmer. Men det er i alle fall ordføraren sitt klare ønskje at om vi skulle få nokon av desse til bygdene våre, så må vi ta i mot dei og gjere vårt beste for å inkludere dei.

Trude

Gladmelding!

Til no i år er det gjeve løyve til bygging av 5 bustadhus, og det er gjennomført 3 delingssaker for bustadhus.

Så det kjem nye folk TIL kommunen også!!
Bustadfeltet i Hovden II håpar vi å ha klart for utbygging til sommaren 2009.

Det er henta inn tilbod på prosjektering.
Og Gulen kommune ER Å JOUR PÅ BYGGESAK.
For siste bustadhus kom søknaden inn 01.09.08 og løyve vart gjeve 02.09.08. Kjapp saksgang!!

Kunngjering og Offentleg ettersyn

Side 2

Kva skjer i Gulen?

Siste side

Flott av BKK!

BKK har bygd ut Kløvtveit-vassdraget i Gulen. Eg har ikkje stor røynsle med utbyggingar, men må innrømme at det såg veldig lite pent ut etterpå. Innbyggjarar, grunneigarar og Gulen kommune har hatt møter med BKK om korleis dette kunne gjerast betre. Særleg ved at Vesle Kløvtveitvatn, som berre er ein "transportetappe" i utbygginga mest mogeleg kunne førast tilbake til korleis det var før. Og no har styret i BKK bestemt at dei skal bruke 14 millionar på å gjere nettopp det. Dette står det respekt av. Det viser styrken ved lokalt eigarskap og viljen til også å ta samfunnsansvaret alvorleg. Natur – og miljøomsyn må vektleggast svært tungt ved utbyggingar. Vi har bruk for rein energi, men vi har også bruk for vakre naturområde. Eg vil takke BKK for at dei har høyrte på lokale krefter i denne saka. Trude Brosvik - Ordførar i Gulen

Manglar du breiband?

Nytt sjansen no!

Gulen kommune har ei konkret avtale med Eninvest AS om utbygging av breiband til alle i Gulen. Det er viktig at alle som ynskjer breiband tek kontakt med Eninvest sjølv for å få rask framdrift i utbygginga. Eninvest har no ei melding til dykk.....

Sjansen du har venta på?

No vert det enno betre breibandsdekning i Gulen kommune!

Bestill i dag!

Bestill tråddlaust breiband via våre heimesider www.eninvest.no.

For nærare informasjon kan du kontakte oss på telefon 57 00 91 00 måndag til fredag frå 08:00 – 16:00, eller sende ein e-post til kundeservice@eninvest.no. På heimesida vår finn du også nærare informasjon om kva abonnement som er tilgjengeleg og kva prisar som er gjeldande.

Les meir om denne saka på www.gulen.kommune.no

Ajourhald av liste over lag og organisasjonar i Gulen kommune

Vi får ofte spørsmål om kven som er **leiar** i lag og organisasjonar i Gulen kommune.

For at vi skal kunne svare på det, må vi **etter kvart val/årsmøte få beskjed om kven som er ny leiar**. I tillegg treng vi leiaren sitt telefonnr og **e-post adresse**, slik at vi lett kan vidaresende spørsmål og informasjon. Send melding til adressa nedst på første side.



Kunngjering Stadnamnsak

Statens namneteneste for Vestlandet har reist sak om fastsetting av offisiell skrivemåte av namnet på gard nr. 123 i Gulen. Forslag Yndesdalen, alternativt Ynnesdalen.

Frist for uttale: 1. oktober.

Uttale i saka skal vera skriftleg og grunngjeven. Uttale skal stilast og sendast til:
Statens kartverk Bergen,
Statens kartverk,
3507 Hønefoss
(e-post: aamund.fykse@statkart.no)

Den som sender uttale i saka, skal òg senda kopi av uttalen til Gulen kommune.
Les saka på: www.gulen.kommune.no



GULEN KOMMUNE

Tlf. 57 78 20 00, 5966 EIVINDVIK

Kommuneplan for Gulen kommune 2008 – 2020 - Offentleg ettersyn

I medhald av plan- og bygningslova §20-5, 2. ledd jfr. § 27-1, vert framlegg til arealdelen av kommuneplanen for Gulen kommune kunngjort. Formannskapet i Gulen kommune vedtok 21.08.2008 at framlegget skulle leggest ut til offentlig ettersyn.

Planframlegget gjev styrande føringar for utviklinga av lokalsamfunnet og framtidig forvaltning av areal og andre naturressursar. Endeleg vedteken plan får direkte rettsverknad. Bygge- og anleggstiltak eller frådelling av eigedom til slike føremål kan ikkje vere i strid med arealbruk eller føresegner som er fastsett i planen.

Alle med interesse i planen vert med dette oppmoda til å komme med ei uttale. Framlegget er lagt ut på kommunehuset i Eivindvik og på butikkar på Dalsøyra, Byrknes og Brekke i tillegg til kommunen sine heimesider.

Eventuelle uttaler/merknader må sendast skriftleg **innan 6.oktober 2008** til Gulen kommune, 5966 Eivindvik.

Gulen kommune 5.september 2008
Martin Kulild - Rådmann

**Orienteringsmøte 18. september kl. 17.00
på kommunehuset (Gulasalen)**

Informasjon – Hjortejakta 2008

Det er i år tildelt i alt 603 hjorteløyver, dette er 87 fleire dyr enn i fjor. Fellingsprosenten for 2007 var 90%.

Det har vore fokus på ei veksande hjortestamme i heile fylket. For å oppnå ei auka tildeling av hjorteløyver i Gulen, har minstearealt vorte endra der hjortepresset er størst.

Dette gjeld Ytre Oppedal, Indre Oppedal, Eidsbotn, Steine og Halsvik

Det skal rapporterast tilbake til kommunen på same skjema som det vert gitt fellingsløyve
NB! Det vert ikkje sendt ut slaktevektskjema og Sett Hjort-skjema til jaktfeltansvarlige frå kommunen.
Det skal valdansvarleg dele ut.

Den valdansvarlege skal sende inn rapport over dei felte dyra seinast 10 dagar etter avslutta jakt. Kommunen sender ut krav om fellingsavgift til alle valdansvarlege med bakgrunn i rapporten. Fellingsavgifta vert betalt inn til kommunen og går til eit kommunalt viltfond.

Jakttid for hjort er 10.09 – 30.11

- **Jakta er samanhengande.**
- **Grunneigar kan gjere opphald i jakttida.**
- **Fylkesmannen kan etter søknad frå kommunen utvide jakta til 23 desember.**
- **Meld frå straks når kalv er skote – ta vare på kalvehove i 3 døgn for kontroll.**

Gulen kommune vedtok å slutta seg til arbeidet med 5-årig Merkeprosjekt for Hjort 2008 -2012, dersom tilgrensande kommunar som Høyanger og Masfjorden gjorde det same.

Vi fekk opplyst at Masfjorden kommune slutta seg til prosjektet, men Høyanger kommune gjorde det ikkje. Føresetnadane for Gulen kommune å slutte seg til prosjektet er difor ikkje tilstades.

Vil ynskje alle lukke til med jakta 2008!

Skada vilt

Viltforvaltninga i kommunen har ansvaret for ettersøk og avliving av skada vilt. Det gjeld ikkje berre trafikkskadde hjortevilt, men også anna vilt som er skada. Gulen kommune fekk i 2001 ein avtale med Gulen Ettersøkslag som rykkjer ut med ekvipasje etter oppmoding frå lensmann, viltansvarleg eller tredjeperson. Gulen kommune har gjeve Gulen Ettersøkslag ein generell dispensasjon for bruk av kunstig lys og bruk av motorkøyrety ved ettersøk og avliving av skada vilt.



Fjerning av hjortekadaver er grunneigar sitt ansvar. Ligg kadaveret på Statens Vegvesen sin grunn, ring 175. Gulen kommune skal alltid ha melding om funn av kadaver.

Etter ein kollisjon spring ofte dyret sin veg, sjølv om det er hardt skadd. Då er det viktig med nøyaktig merking av staden der uhellet skjedde og gje melding så snart som råd er, slik at ettersøksunden får gode arbeidstilhøve. Gje opp namn og telefonnr, slik at dei som skal gå ettersøk kan få kontakt med dykk.

Dersom dyret er skada og ligg i vegkanten kan de ringe direkte til ein av medlemmene i Ettersøkslaget, slik at ei evt. avliving av dyret kan skje raskare.

Ved påkørsle eller når ein oppdagar skada vilt, skal ein kontakte ein av desse personane:

Medlemmar Gulen Ettersøkslag:

Karstein Elnes, 5966 Eivindvik – tlf. 97140824
Roar Elnes, 5966 Eivindvik – tlf. 57783845 / 41685260
Kurt Westervik, 5960 Dalsøyra – tlf. 57783827 / 90552056
Geir Haveland, 5966 Eivindvik – tlf. 57785829 / 90849494
Lars Elling Haugsvær, 5983 Haugsvær – tlf. 97667912
Bjarte Asheim, 5961 Brekke – 41410494

Eller kontakt:

Lensmannen i Gulen 02800
tlf. 57781300 (arb) / mob. 91160118
Gulen Kommune tlf. 57782045 / 48291868

Mona Nyland Elnes
Saksbehandlar jordbruk og vilt

”Landbrukshjørnet”

Tid for søknad om spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Søknadsfristen på SMIL-midlar er 20.september. Gulen har om lag kr 100 000,- som skal fordelast ved denne søknadsomgangen. Neste søknadsfrist er 15.april.

SMIL-ordninga har som føremål å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i Gulen. Beiterydding og restaurering av gamle bygg som stølshus og murar er døme på dette. SMIL-midlane kan også nyttast til prosjekt som reduserer ureininga.

Alle som eig landbrukseigedom, eller som er registret i Enhetsregisteret og har fått løyve frå eigaren av landbrukseigedom, har høve til å søkje på SMIL-midlane. Prosjekt knytte til næringsdrift vert prioritert.

Ta kontakt med landbrukskontoret v/ Håvard Tveit for meir informasjon.



Informasjon frå pleie og omsorg



Tema: Praktisk bistand (heimehjelp)

Kven kan søkje?

Dei som har et særlig hjelpebehov pga sjukdom, funksjonshemming, alder, eller av andre årsaker. Vedtak vert fatta etter lov om sosiale tenester § 4-2, pkt. a, § 4-3.

Føresetnad:

- Søknad med underskrift.
- Søkaren forventes å delta med de oppgåver ho/ han sjølv klarer å utføre.
- Nødvendig utstyr er tilgjengelig som støvsuger, vaskemiddel, klutar osv.
- Det kan være nødvendig å montere/ plassere hjelpemiddel.

Andre kriterie som vert vurdert:

- Førebygge behov for andre tenester.
- Legeerklæring ved behov, ved spesielle diagnosar.
- Heilheitsvurdering av familiens situasjon, når søkjar bur saman med funksjonsfriske.

Kostnad:

Brukar betaler eigendel for tenesta.

Omfang/ innhald av teneste:

1. Standard for reinhald;

- Hus reinhald (Vaske golv, støvsuge, riste matter/ teppe, støvtørke) utførast kvar 14. dag.
- Hus reinhald utførast i rom som er i dagleg bruk; stove, kjøkken, bad, toalett, soverom og entre. Det setjast av 1 time i omsorgsbustad og 1-2 timar i annan bustad.
- Vindaugsvask utførast normalt 1 gong for året, helst om våren. Vindaugsvask gjeld vindauga i stova og kjøkken.
- Sengetøy skiftast normalt kvar 14. dag.
- Klede vaskar ein normalt 1 gong kvar veke.

2. Dessutan er det følgjande tilleggstenester:

- Hjelp til å vaske kjøleskap og/ eller komfyr, mikrobølgeovn.
- Hjelp til å organisere innkjøp av kolonialvarer 1 gong for veka. Brukaren betaler sjølv for varetransport.
- Hjelp til å bestille nødvendig brensel.
- Hjelp til å bære inn ved frå oppsett vedla frå skur eller kjellar.
- Nødvendig hjelp til å organisere bosslevering og snøbrøyting. Brukaren betaler sjølv meirkostnadane.

3. Følgjande tenester fell utanfor kommunen sin standard;

- Stryking
- Baking, bearbeiding av råvarer
- Storreingjering av tak og vegger, boning av golv, dra ut store tunge teppe.
- Huslege oppgåver i samband med gjester og vaksne, heimebuande born.
- Utvendig vindaugspuss.
- Hagearbeid
- Hjelp til husdyrhald.
- Flytting.
- Brøyting av privat veg.

4. Anna;

Personar som får tildelt hjelp gir ein moglegheit til å forvalte den tid hjelpa skal ta til andre tenester (sjå tilleggstenester). Det føreset då at brukaren har andre personar som utfører dei tildelte oppgåver. Dette skal vere unntak, ikkje regelen.

Ved akutt sjukdom og forverring av kronisk tilstand setjast dei generelle bestemmingar til side, og hjelp i nødvendig omfang blir gitt.

Det vert innarbeida rutinar for jamleg evaluering av tenestene saman med brukar og/ eller pårørande.

For meir informasjon, kontakt

Miek Norman tlf. 57 78 16 86 / mob. 41 61 09 72

Til foreldre og omsorgspersonar i Gulen



YNSKJER DU Å FÅ EIT ENDÅ BETRE FORHOLD TIL BARNET DITT?

- Nysgjerrig på korleis du kan få eit endå betre samspel med barnet ditt?
- Interessert i korleis du kan støtte og hjelpe barnet ditt til ei best mogleg utvikling?
- Vil du vite korleis andre foreldre løyser vanlege utfordringar?

Bli med i gruppe for foreldre / omsorgspersonar!

I løpet av 2008, vil ei førebyggjande gruppe i Gulen kommune tilby rettleiing for omsorgspersonar med barn i alderen 0-18 år.

- Interessert?
- Ta kontakt med Gulen helsestasjon tlf. 57783808/57783830

Vil du vite meir? Sjå

www.bufetat.no/foreldreveiledning

Søker besøksfamilie!!

Gulen kommune ønsker kontakt med familie, som kunne tenkje seg å vere besøksfamilie for ein gut på 12 år.

Guten er funksjonshemma.

Han manglar verbalt språk, og bruker tegn til tale.

Han er ein tillitsfull og kontaktsøkjande gut.

Har mykje godt humør, og kan vere lett å lede.

Han er glad i musikk, og likar godt å køyre.

Me søker besøksfamilie for ei helg i månaden.

Gjerne med born på same alder eller eldre.

Det er flott viss du/de kan tegn til tale, men det er ikkje eit krav.

Opplæring vil bli gjeve.

Verkar det interessant, eller har du/de spørsmål, ta kontakt på tlf: 57782061.



SØTHOLA KAFE - DALSYØYRA

YNSKJER ALLE HJERTELEG

VELKOMMEN!

MENY: VARIERT MAT FRÅ NORGE
OG RESTEN AV VERDA.

SMØRBRØD, KAKER, SMÅRETTER, MIDDAG
KAFFI, CAPPUCCINO, ESPRESSO, CAFFELATTE.
ALLE RETTIGHEITER.

OPNINGSTIDER:

ONSDAG, TORSDAG, FREDAG:

12.00-18.00

LAURDAG, SØNDAG:

13.00-18.00

MÅNDAG, TYSDAG:

STENGT

PUBKVELDAR VERT ANNONSSERT -
ROLEG STEMNING FOR UNG OG
GAMMAL

* CATERING TIL PRIVATE OG FIRMA

* SELSKAP OPP TIL 60 PERSONER

* MØTER

* DU KAN OG BESTILLE MIDDAG
OG TA MED HEIM.

FOR BESTILLING:

RING OSS PÅ: 57 78 58 51

KLAFF – INFO

KLAFF er ei tverrfagleg gruppe av personar frå helsestasjon, barnevern og PPT(pedagogisk psykologisk teneste) som jobbar med barn og unge i Gulen kommune.

- Vi gjev RÅD og RETTLEIING.
- Vi har TEIEPLIKT.
- Tenesta er GRATIS.

Uroar du deg for eit barn eller ein ungdom i kommunen? Dersom du har problemstillingar du ynskjer å drøfte med nokon, ta kontakt med ein av personane under. Drøftingane er anonyme utan samtykke frå den det gjeld.

Vi har faste møter på skulane, elles møter vi dykk når det er behov.

Faste møtedatoar haust 2008:

- 11.september kl 0900-1100 Dalsøyra skule, helsesøsters kontor.
- 13.oktober kl 1200-1400 Eivindvik skule, møterom.
- 7.november kl 0930-1130 Byrknes skule, "gamle lærarrom".
- 4.desember kl 0900-1100 Brekke skule, møterom 2.et.

Kontaktpersonar frå:

Helsestasjon: Hennie 97 97 57 60

PPT: Herfinn 97 97 57 63

Barnevern: Jane 99 79 21 09

Spelemidler

Kulturkonsulenten oppmodar alle lag og organisasjonar som har søkt/vil søke spelemidler til idrettsføremål om å gå inn på www.idrettsanlegg.no og orientere seg om den nye elektroniske løysinga for levering av søknadar.

Frå 2008 skal alle søknader leverast elektronisk.

Tidlegare innsendte søknader er alt lagt inn elektronisk, men gå inn og sjekk at ditt lag sin søknad er riktig registret, samt at kart og vedlegg er korrekte.

Det er også tid for å sende inn søknadane for 2009. Også dei som har søknadar inne som ikkje fekk tildelingar i 2008 må sende inn:

- Stadfesting på at søknaden vert oppretthalde for 2009
- Oppdatert statusrapport pr. hausten 2008 for tiltaket

Frist for innsending/stadfesting av søknadar for 2009 **til kommunen er 1. oktober 2008**



Dette skjer i Gulen kommune

Endeleg --- Aerobic og stepp i Brekke

Måndag 8. september kl. 20.15 i Risnehall

Det vert trening måndagar og onsdagar
kl. 20.15 – 21.30.

Dette er gratis for medlemmar i Brekke idrettslag.

Ta med godt humør, gode sko og drikke!!



Dahl dagen

Søndag 14. september i Eivindvik

Prolog om Wergeland. Utstilling i Herresalen.

Fiskesuppe på kaia. Vaflar / kaffi.

Kontaktperson:

Maike Norman – mob. 95 74 98 01

Arr. Ungdomslaget i Eivindvik.



Medlemsmøte i

Gulen Pensjonistlag

Tysdag 16. september kl. 11.00

på Søthola kafè på Dalsøyra.

Program:

Kulturkonsulenten i Gulen kommune, Anne-Karin
Misje held føredrag og viser lysbilete om Gulatinget
/Gulatingslova og utviklingsarbeidet som går føre seg
i prosjektet.

Meny: Biff stroganoff m/ poteter, heimelaga
sjokoladekaker og kaffi.

Pris: kr. 175,- pr. person.

**Påmelding til Leif Nyhammer tlf. 57 78 42 24,
innan laurdag 13. september.**

Buss Sollibotn kl. 10.05 – Dalsøyra kl. 10.50.

Retur Dalsøyra kl. 14.00 – Eivindvik kl. 14.25 eller

Dalsøyra kl. 15.00 – Brandanger kl. 15.50.

Vel møtt til eit koseleg treff i pensjonistlaget!



JULEMESSE 2008

2. november i Bålen.

Me ynskjer alle ”nye” og ”gamle” utstillarar
hjarateleg velkomne!!!! Julemessa er ei kunst- og
handverkmesse, utan tilgang på diverse party
produkt, så har du kreative eller kunstneriske
evner....eller kjenner nokon som har det.....ja, så bli
med å sett ”farge” på julemessa vår!!!!

**Det vert kravd kr. 200,- pr. bord,
og max 3 bord pr. utstillar.**

Ja, så bli med i år også å skap ein festdag for flott,
fargerikt og kreativt kunst og handverk!!!!!!

Påmeldingsfrist: 5. oktober

.....her gjeld ”første mann til mølla”- prinsippet!!!!

Påmelding til:

Linda Hantveit 57 78 46 10 /41 46 41 16

Venleg helsing Breidvik og Bålen Bygdelaag

GO FOTEN RUNDT

GJER FOTEN LETTARE ☺



*Aut. Foterapeut
Frøydis Slettevold*

**YNSKJER ALLE VELKOMEN TIL EIN
FOTTERAPITIME**

EG TILBYR:

- God spabehandling av foten
- Klipp/ slip av negler
- Behandling av ned/ inngrodde negler
- Fjerning av hard hud / torner
- Råd om riktig sko / såler
- Parafin bad
- Detox behandling
- Voksing av hår
- Farging og forming av vipper og bryn
- Sal av Arcopedico sko
- Hull i øyrene (Nyhet)

VI AVTALER TID OG STAD

NÆR DER DU BUR

BESTILL TIME I DAG

RING: 99165619

froydis.slettevold@enivest.net

5970 BYRKNESØY

Haustrydding i Gulen



**Laurdag 11. oktober: Byrknes,
Brekke, Oppedal, Gulen nord for tunnel v/
Leversund Bru, Leversund – Austgulen og
Ynnesdalen.**

**Laurdag 18. oktober: Gulen sør for tunnel
v/Leversund Bru.**

Her kan du levere:

Metall, trevirke, isolérglas, møblar, hageavfall,
elektrisk og elektronisk avfall.

NB! Småting må samlast i øskjer!